



Kommuneplan for Time 2015 - 2027

Samfunnsdel

Vedtatt av Time kommunestyre 08.12.2015



Time kommune

Innhold:

Innleiing	4
1 Samfunnsutvikling	6
2 Time for alle	10
3 Trygg i nærmiljøet	12
4 Førebygging og tidleg innsats	14
5 Kultur og trivsel	16
6 Bryne - byen vår	18
7 Kommuneorganisasjonen	20
8 Bakgrunnsmateriell	22



Innleiing

«Time kommune - trygg og framtidsretta» er visjonen til kommunen.

Kommuneplanen, med samfunns- og arealdel, er det overordna politiske styringsdokumentet i kommunen.

Kommunestyret i Time vedtok i planstrategien for kommunestyreperioden 2011-2015 at samfunnsdelen av kommuneplanen skulle reviderast for ein ny tolvårsperiode. Om arealdelen av kommuneplanen må reviderast, vert å vurdera i kommunestyreperioden 2015-2019.

Samfunnsdelen tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon over ein tolvårsperiode. Samfunnsdelen er retningsgjevande for kommunen si vidare planlegging.

Samfunnsdelen sine to hovudperspektiv er kommunen som samfunnsutviklar og kommunen som tenesteleverandør.

Time kommune har valt ut sju temaområde for samfunnsdelen:

- Samfunnsutvikling
- Time for alle
- Trygg i nærmiljøet
- Førebygging og tidleg innsats
- Kultur og trivsel
- Bryne – byen vår
- Kommuneorganisasjonen

Temaområda er dei områda som skal gjevast særlig merksemd og ressursar i planperioden.

For å fremja velferd og trivsel er det avgjerande at kommunen samarbeidar med innbyggjarane, brukarar, lag/foreiningar og offentlege styremakter. I kommuneplanen vert samordna innsats og langsiktighet på tvers av fagfelt og sektorar lagt til grunn.


Det er lagt vekt på å utarbeida eit kort og oversiktleg dokument. Framtidsbildet slik det er skildra under «Time i framtida» viser den samfunnsutviklinga me vil styra mot og er det overordna målet for temaområdet. Strategiane for å skapa ei utvikling i denne retninga er formulert under «Slik vil me gjera det». Strategiane er ikkje konkrete på kva tiltak som skal setjast i verk, men skal saman med måla danna grunnlag for mål og tiltak i kommunedelplanar, område- og detaljplanar, samt temaplanar, strategiar og økonomiplan.

Samfunnsdelen skal brukast aktivt kvart år ved utarbeiding av alle plandokument i kommunen. Slik ønskjer ein å få til ei god kopling mellom langsiktig, mellomlangsiktig og kortsiktig planlegging.

I plan- og bygningsloven § 11-1 er det eit krav om at det skal vera ein handlingsdel til samfunnsdelen i kommuneplanen, som konkretiserer korleis ein skal nå måla gjennom å prioritera tiltak og ressursar. Time kommune har valt å slå saman handlingsdelen med økonomiplanen. I økonomiplanen vil det vera ein omtale av korleis temaområda i samfunnsdelen vert følgd opp gjennom konkrete tiltak.

Systematisk oppfølging av samfunnsdelen gjennom tertialrapportar og årsrapportar er nødvendig for å kunna vurdera om dei vedtatte måla er nådd og om prioriteringane er følgde opp.






Figur 1: Plansystemet i Time kommune

Gjennom planarbeidet har kommunen hatt ein open, brei og tilgjengeleg medverknad i lokalsamfunnet og med relevante myndigheter. Det har vore tilrettelagt for deltaking frå ulike samfunnsgrupper som må visast særleg omsyn i planlegging for å gjera samfunnet tilgjengeleg for alle og unngå diskriminering. I dette planarbeidet har det vore barn, unge, eldre, nye innbyggjarar og funksjonshemma.

Frivillige lag og organisasjoner, næringslivsaktørar, enkeltpersonar og statlege og fylkeskommunale styresmakter har kome med innspel i planarbeidet.

Alle høyringsinnspel til planprogram og planforslag vert vurderte før kommunestyret skal fatta endelig vedtak om planen.

1 Samfunnsutvikling



Time i framtida:


Time spelar ei aktiv rolle i den regionale utviklinga for å skapa ei trygg framtid. Kommunen er ein pådrivar i interkommunalt samarbeid for gode regionale løysingar og eit betre tilbod til innbyggjarane. Gjennom bevisste verdival står berekraft og omsyn til komande generasjonar sentralt i alt planarbeid. Barn og unge sine interesser vert ivaretatt i arealdisponeringa. I planlegging legg kommunen vekt på tiltak som styrkjer folkehelsa og utjamnar sosiale forskjellar.

Jærsk pågangsmot og arbeidsvilje saman med evna til å sjå framover, har lagt grunnlaget for vekst og utvikling i Time. I Time er næringsutvikling og gründerverksemd tufta på den lokale kulturen, der nøysemeld og skaparevne spelar ei viktig rolle.

Time er ein attraktiv kommune å bu og etablera seg i, og folkeveksten ligg på eit høgt nivå samanlikna med mange norske kommunar. Kommunen må likevel vera budd på å handtera ei utvikling der veksten kan verta lågare.

Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga og endringane i alderssamansettinga har mykje å seia for omfanget av velferdstenester, barnehageplassar og skulebygg.



Historisk utvikling og framskrivingar av folketalet i ulike aldersgrupper og prosentvis vekst totalt i kommunen.

Arealforvalting og bustadpolitikk

Time inngår i ein produktiv bu- og arbeidsmarknadsregion på Jæren. Regionalt samarbeid om heilskapsløysingar er ein føresetnad for effektivisering av arealforbruk og transportarbeid.

Robust forvalting av naturverdiar og produktive jordbruksareal har eit langsiktig perspektiv. Veksten gjer at me må velja utviklingsretning. For at verdiane som ligg i jordbruksareal, biologisk mangfald, vassdrag, kulturlandskap, fortidsminne og kulturarv kan førast vidare til komande generasjonar, krev det gode og langsiktige val med omsyn til berekraftig utvikling. Slike val må skje gjennom eit godt lokaldemokrati der innbyggjarar i alle aldrar og samfunnslag vert trekte med i planprosessar som formar kommunen.

Gjennom lovforvalting, tenesteyting og i rolla som samfunnsutviklar, skal Time søkja å balansera og vega mot kvarandre motsetnader mellom verneomsyn, jordbruksdrift, utbygging og friluftsaktivitetar i sårbare område. Kunnskap og haldningar er viktige føresetnader for handling.

Kommunen skal planleggja for og ta avgjerder som sikrar berekraftig bruk og vern av naturen. Når byen og tettstadene skal utviklast og byggjast ut med nye område, er det med klare føresetnader om å ta vare på dyrka og dyrkbar jord. Kommunen vil halda fram med fortetting i tettstadane og gjeldande jordverngrense ligg fast.



Naturmangfaldet er ein viktig ressurs lokalt og i eit større perspektiv.

Fysisk tilrettelegging av utbyggingsareal og styrt utbyggingsrekkefølge er dei to verkemidla kommunen rår over når bustadbygginga skal dimensjonerast og offentlege formål som skular, barnehagar og andre offentlege velferdstenester skal byggjast ut.

Bryne, Kvernaland og Lye skal ha eit variert bustadtilbod med einebustader, rekkehushus og lågblokker. På Bryne kan det leggjast til rette for at ein byggjer høgare. Nærmiljøanlegg i buområde og fellesareal i blokker er viktig for gode bumiljø.

Gjennom arealdelen av kommuneplanen vert nye utbyggingsområde lagt ut. Arealdelen av kommuneplanen for perioden 2011–2022 er vurdert til å ha nok utbyggingsareal til å dekka nye bustad-, nærings-, handels- og offentlege formål fram til om lag 2020. I perioden fram til 2022 ligg det inne bygging av mellom 150 og 175 nye bueiningar kvart år. Inkludert «Bybandet Sør» får me eit gjennomsnittleg årleg potensiale på opp mot 280 bueiningar for tidsperioden 2014-2034.



Næringspolitikk

Jærregionen har i ein lengre periode vore prega av vekst. Endringar i rammevilkår for industri, landbruk, olje og gass gjev utfordringar. Varierte verkemiddel og langsiktig, målretta utviklingsarbeid er nødvendig for å utvikla eksisterande og leggja til rette for nye arbeidsplassar i ulike næringar. Framtidig vidareutvikling av Bryne som by- og kultursenter i regionen avheng av eit tett samarbeid mellom kommune og næringsliv.

Time er ein stor landbrukskommune, med ei landbruksnæring som investerer og satsar på framtida innan matproduksjon. Jordbruksareala på Jæren er blant dei beste i landet. Landbruksnæringa er utgangspunkt for etableringa av framtidsretta teknologimiljø med høg kompetanse på mange felt.

Tilrettelegging for næringsutvikling i Time skal styrkast gjennom regionalt og interkommunalt samarbeid. Nær Bryne stasjon skal det leggjast til rette for bygg som har høg arbeidsplass- og eller besøksintensitet med høg arealutnytting. Omforming av næringsområde kan gje meir areal for å møta behova for framtidig næringsutvikling.

Time kommune vil vera aktiv, innovativ og internasjonalt orientert, og slik byggja omdømme som attraktiv kommune å bu i, driva næring i og besøkja.



Kunnskapssamfunnet

Time kommune er, og har tradisjonelt vore, eit skulesenter. Den vidaregåande skulen styrkjer kommunen sin posisjon som senter for læring og næring på Jæren. Det er viktig å halda fokus på det sterke fagmiljøet og breidda den vidaregåande skulen representerer. For kompetanseutviklinga og folkehelsa på Jæren, er det viktig at me stimulerer til at flest mogleg fullfører vidaregåande skule.

I kunnskapssamfunnet er samfunnsutviklinga avhengig av at læringsløpet frå barnehage via grunnskule og vidaregåande skule til fagarbeidar eller vidare utdanning utviklar menneske med læringslyst, kreativitet, kunnskap og innovasjonsevne. I barnehagar og skular er det å ha tilstrekkeleg personale med god kompetanse og kapasitet i bygg og anlegg ei utfordring.

Alliansar mellom kunnskapsinstitusjonane, næringslivet og lokalsamfunnet er nødvendige byggjesteinar i utviklinga av lokalsamfunnet.

Eit lokalsamfunn med smarte løysingar

Stadig fleire tenester og ordningar i samfunnet kan verta tryggare og betre ved hjelp av digitale hjelpemiddel og løysingar. Det kan også handla om planlegging og samhandling på tvers av sektorar i samfunnet.

Smarte løysingar for å møta klima-, energi- og transportutfordringar er viktige framover, og ny teknologi gjev nye mogleigheter for utvikling både av lokalsamfunn og tenester til innbyggjarane. Bryne som «smart by» med gode lokalt tilpassa digitale løysingar vil vera ein attraktiv by å etablera seg i og ein god by å leva i også i framtida.

Tenesteutvikling

Time ønskjer ei berekraftig utvikling. Med det meiner me at innbyggjarane får dekt velferdsbehov og at me forvaltar ressursane slik at komande generasjonar får gode levekår og livsgrunnlag. Ein kommune med vekst i alle

aldersgrupper treng å leggja til rette for ein kommuneøkonomi som er berekraftig i eit langtidsperspektiv. Dersom handlingsrommet til å gje fleire tenester eller kvaliteten på tenestene skal aukast, må nye inntektsmogleigheter vurderast. Kommunen satsar på innovasjon for å finna nye og betre måtar å løysa utfordringane i dei kommunale velferdstenestene i framtida. Det er sentralt for kommunen å leggja til rette for og å utnytta dei mogleighetene som ligg i ny teknologi.

Helse og livskvalitet

Helseutfordringa i dag og i framtida er nært knytt til levevanar og fysiske og sosiale miljøfaktorar. Mindre fysisk aktivitet kan føra til sjukdom. Dette er i ferd med å verta eit stort helseproblem. Mykje tyder på at nedgangen i aktivitetsnivået i befolkninga ligg i redusert kvardagsaktivitet. Kommunale tiltak som vert sett i gang, skal stimulera den enkelte til å ta ansvar for eiga helse.

Forsking viser at utdanning, arbeid og inntekt har innverknad på helsa vår. Kommunen har utfordringar knytt til fråfall i vidaregåande skule og unge som vert uføre.

Med stor byggjeaktivitet i kommunen er det viktig å verna og sikra grøntområde, møteplassar og leikeplassar. God planlegging og universell utforming av bygningar og uteområde verkar positivt inn på helse og livskvalitet og vernar mot risikofaktorar.

Det har vore stor prisstigning på bustadar i kommunen dei siste 5-10 åra. Det er kvadratmeterprisen på leiligheter og småhus som har auka mest. Dette har gjort at ungdom og vanskelegstilte har problem med å kjøpa eigen bustad.

Frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og bedrifter er viktige støttespelarar i folkehelsearbeidet. Arbeid, venner, ein trygg plass å bu og engasjement i frivillige lag og organisasjonar, bidrar til god helse og livskvalitet.



Gjennom årlege folkehelseprofilar frå folkehelseinstituttet, erfaringar frå lokale helse- og omsorgstenester og lokalkunnskap om utviklingstrekk i miljø og samfunn, har kommunen oversikt over fleire av folkehelseutfordringane i kommunen. Dette utfordringsbildet skal leggjast til grunn for kommunen sine prioriteringar og overordna planar.

Klima

Klimatrusselen er ei global utfordring som krev samla innsats frå heile det globale samfunnet. Strategiar og tiltak for å møta klimaendringane må følgjast opp med handling i kommunen. Det krevst at innbyggjarane i Time er miljøbevisste og tar ansvar for klimautviklinga med lokale handlingar i sitt nærmiljø.

På våre kantar er me vitne til kraftigare styrtegn og meir ekstreme værskifte. Klimaendringar over tid påverkar jordbruk, landskap, transport, kulturminne og biologisk mangfald. I planlegging må desse forholda takast omsyn til.



Slik vil me gjera det


- Leggja til rette for næringsetablering og nye arbeidsplassar
- Utvikla sentrum og tettstader som gjev minst mogleg transportbehov
- Ivareta bukvaliteten for etablerte og nye innbyggjarar ved fortetting
- Oppretthalda bynært landbruk med variert produksjon
- Bruka planar og utbyggingsavtalar i etableringa av varierte bustadtilbod og attraktive fellesareal
- Vera ein god samarbeidspart for vidaregåande skule
- Ta i bruk teknologi for å utvikla smarte lokalsamfunn
- Ta i bruk stadig fleire og betre digitale løysingar for kommunikasjonen med innbyggjarane
- Testa og ta i bruk velferdsteknologi for å gje betre og meir effektive tenester
- Sikra areal for fysisk aktivitet, tur- og rekreasjonsområde i alle tettstadane
- Kartleggja område der barn og unge oppheld seg, leikar, syklar og går til bruk i planlegging
- Setja av naudsynt areal til sosial bustadbygging
- Sikra og verna grøntområde, møteplassar og leikeplassar
- Bruka kunnskap om naturmangfald, landskap og friluftsliv i planlegging
- Levera framtidsretta og miljøeffektive løysingar for drikkevatn, avløp, renovasjon og alternative energiformer
- Førebyggja klimaendringar og arbeida for å redusera negative følgjer av klimaendringar

*«Det vert nok stridt; men litt om litt
Det gjeng, når kvar vil gjera sitt.
Tek kvar og ein sin vesle stein
er snart vår åker rein»*

Arne Garborg



2 Time for alle



Time i framtida:

I Time vert innbyggjarar og gjester møtte med respekt og likeverd. Bustadområde og fellesarenaer er tilrettelagde slik at barn og unge har gode oppvekstvilkår, innbyggjarane kan bu i eigen heim så lenge dei vil og alle kan bruka fellesareal til aktivitet og fellesskap. Levande lokalsamfunn, aktivt organisasjonsliv og dugnadsinnsats skaper fellesskap som gjev grunnlag for trivsel og oppleving av å høyra til. Det kulturelle mangfaldet er ein ressurs for vekst og utvikling.

«Time for alle» handlar om utfordringar og moglegheiter for deltaking og aktivitet, integrering og mangfald i vekstcommunen Time.

Levande lokalsamfunn er avhengige av engasjement og medverknad frå innbyggjarane. Me ønskjer ei samfunnsutvikling i Time der alle bryr seg og tar ansvar for framtida. Eit samfunn som er i stand til å bruka ressursar på alle, uansett alder, utrusting og kunnskap. Eit samfunn der alle er villige til å ta ansvar både for seg sjølv og fellesskapet, er eit godt samfunn.

Skal det kulturelle mangfaldet vera ein ressurs, må det leggjast til rette for at alle deltar og opplever kommunen som sin, uavhengig av alder, etnisitet, trusretning, seksuell legning, funksjonsnivå, økonomiske og sosiale forhold.



Deltaking og aktivitet

I kommunen er universell utforming eit prinsipp som vert tatt med i alle planprosessar og byggje-prosjekt slik at publikumsbygg, tur- og friområde, bustader, vegar og tiltak langs kollektiv-transportaksane kan brukast av alle menneske utan spesiell tilpassing.

Arbeidet med å gjera Time tilgjengeleg for flest mogleg held fram, for at alle skal kunna ha eit aktivt og meiningsfullt liv i fellesskap med andre. Tilrettelagde bustader, fellesareal, offentlege tenester og kollektivtransport kan vera med på å realisera ønsket til mange eldre om å bu heime lengst mogleg. Etter kvart som IKT-kunnskapen i befolkninga aukar, vert velferdsteknologi også eit godt hjelpemiddel.

Kort avstand mellom bustad, skule, arbeidsplass, fritidstilbod, friluftsområde og ulike servicefunksjonar stimulerer til aktivitet i kvardagen.

Time arbeider målretta for å skapa trygge og varierte møteplassar for barn og ungdom, mellom anna gjennom eit breitt utval av fritidstilbod. Folkeveksten vil skapa utfordringar for lag og foreiningar både med omsyn til areal, anleggskapasitet og rekrutteringa av frivillige medarbeidarar. Skulane sine gymsalar vert brukte av lag og organisasjonar på kveldstid.



Større grad av sambruk og utnytting av kommunale bygg vil bidra til nye møteplassar for nærmiljøet og frivillige lag og organisasjonar.

Kollektivsatsinga må styrkjas for at fleire skal ha høve til å delta i arbeids- og samfunnsliv. Dette gjeld både mellom sentrum og tettstadene, samt fleire matebussar som knytter bustadområda på Bryne til kollektivknutepunktet.

Det er ei utfordring å balansera bustadbygginga i forhold til etterspørsel og prisnivå på bustader. Ulike utbyggingsmodellar kan bidra til at unge i etableringsfasen og andre med vanskeleg økonomi kjem inn på bustadmarknaden.

Integrering og mangfold

Om lag 60 nasjonalitetar er heimehøyrande i Time. I perioden frå 2005 til 2015 har talet på innvandrarar gått frå 5 til 11 prosent av befolkninga i kommunen. Av desse er om lag 60 prosent frå Europa. Mange er komne som følgje av arbeidsmigrasjon til den lokale industrien.

Kommunen tek imot flyktningar på grunnlag av treårige avtalar med staten. I perioden 2007-2014 har kommunen tatt imot om lag 230 flyktningar.

Kommunen, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv spelar ei viktig rolle for innvandrarár, arbeidsinnvandrar og flyktingar i deira inkludering i lokalsamfunnet.

Slik vil me gjera det


- Stimulera det kulturelle mangfaldet som kjelde til positiv lokalsamfunnsutvikling
- Leggja til rette for at menneske med funksjonshemmning kan delta i samfunnet og oppleva meistring
- Leggja til rette for auka kvardagsaktivitet ved utforming av bygg, uteområde, møteplassar og gang- og sykkelvegar
- Auka talet på tur- og rekreasjonsområde som er universelt utforma
- Planleggja kommunale bygg slik at dei inviterer til aktivitet på ettermiddags- og kveldstid
- Bidra til at unge i etableringsfasen og andre prioriterte målgrupper kjem inn på bustadmarknaden
- Styrkja integreringsarbeidet med fokus på språkopplæring, arbeid og bustad

*«Det einaste me kan gjera er å skapa rimelege vilkår for liv.
Livet sjølv må kvar for sin part skapa»*

Arne Garborg



3 Trygg i nærmiljøet



Time i framtida:

I Time er innbyggjarane trygge i nærmiljøet sitt. Dei kjenner at dei hører til her, og dei er stolte av heimstaden sin. Om sjukdom eller ulykker skulle ramma, vert det gitt rett hjelp til rett tid. Time er blant dei kommunane i landet som har best utbygde oppvekst- og velferdstenester og har færrast ulykker og brotsverk. Samfunnstryggleik står høgt i all kommunal planlegging.

Beredskap

Trygge miljø, møteplassar og aktivitetar i nærmiljøet gjev oss kjennskap til kvarandre. Ei synleg offentleg forvalting, som er til stades i folk sin kvardag når behovet melder seg, er ein viktig tryggleksfaktor i nærmiljøet.

Kommunen sin heilskapleg risiko- og tryggleksanalyse (ROS) frå 2012 innehold følgjande analyseobjekt: infrastruktur, uønska hendingar innan helse og dyresjukdommar, ulykker, brann og klima. Handlingsplanen er følgt opp i økonomiplanarbeidet. Målet er eit robust samfunn som tek høgde for framtidige utfordringar og som er godt førebudd til å takla uønska hendingar.

Oppdaterte ROS-analyser både i tenesteyting og arealplanar med konkrete handlingsplanar er grunnlaget for god beredskap i forhold til ulykker og katastrofar.

Dugnaden til frivillige organisasjonar og frivillige omsorgsnettverk er også viktig som mobiliserings- og beredskapsfaktor i kommunen.

Kriminalitetsførebygging

God kriminalitetsførebygging er avhengig av fleire samverkande tiltak. Det er viktig å prioritera tidleg innsats i barnehage, skule og fritid overfor barn og unge som er i ferd med å falla på sida av samfunnet. Mangfaldet av fritidstilbod er ein viktig

førebyggjande faktor. Samarbeidet mellom Time kommune, nabokommunane, politiet, foreldre og frivillig sektor bidreg til at Bryne og tettstadane vert trygge å vera i til alle tider på døgnet. Å driva førebyggjande arbeid mot rusmis bruk og ekstremisme, er både eit viktig helsetiltak og eit viktig tiltak for å førebyggja kriminalitet.

Ryddige og godt opplyste møteplassar, både i sentrum og i tettstadene, er viktig for fellesskap og trivsel, men er også viktige tiltak i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet.





Trafikk, vegar og gang-/sykkelvegnett

Planlegging og målretta tiltak er viktig for å skapa samanhengande og trygge ferdsselsårar for å unngå skadar og ulykker i trafikken. Viktige områder er gang- og sykkelvegnett mellom bustadområde, skular, fritidsaktivitetar og kollektivtransport. Det må etablerast samanhengande turvegtrasear og gang- og sykkelvegar mellom alle tettstader i kommunen og Bryne. Det må vurderast om det skal etablerast separate tiltak for gåande og syklende der det er eller vil bli stor ferdsel.

I tillegg er det viktig med haldningsskapande arbeid for å fremja god åferd i trafikken og redusera skadar.

Velferdstenester

Velferdstenestene i Time er ein tryggleik for at innbyggjarane skal få rask og god hjelp i samband med ulukker, sjukdom og sosiale vanskar. Velferdstenester vert gitt på tvers av tenesteområda i kommunen. For å kunne handtera vekst og sikra gode velferdstenester er kommunen avhengig av å utvikla både eigne tenester og delta i interkommunalt samarbeid.

Slik vil me gjera det


- Bruka risiko- og sårbarheitsanalysar for å førebyggja uønska hendingar og oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar i krisesituasjonar
- Leggja til rette for frivillig innsats knytt til mobiliserings- og beredskapsarbeid
- Arbeida med kriminalitetsførebyggjande tiltak med samarbeidspartane
- Arbeida for å førebyggja ekstremisme
- Gjennomføra regelmessige øvingar, opplæring og evaluering knytt til arbeid med beredskap
- Førebyggja skader og ulykker i trafikken ved god planlegging og oppfølging av trafikk-sikringstiltak
- Byggja nye gang- og sykkelvegnett i og mellom tettstadane
- Vidareutvikla eksisterande gang- og sykkelvegnett tilpassa noverande og framtidige behov
- Levera velferdstenester av god kvalitet i forhold til folkeveksten

«Det kjem sjeldan noko i vegen
For det som gale er»

Arne Garborg



4 Førebygging og tidleg innsats



Time i framtida:

Det er høg gjennomføringsgrad hos elevane i dei vidaregåande skulane. Dei unge går inn i arbeidslivet og bidreg til vekst og utvikling for seg sjølv og nærmiljøet i Time. Kommunen har barnehagar og skular med god kvalitet, der barn får utvikla seg og læra og der føresette og støttetenester er gode samarbeidspartar. Heilskaplege planar sikrar gode tenester til befolkninga og individuell tilrettelegging for dei som har særskilte behov.

Barn og unge

Den viktigaste ressursen for framtida er våre barn og unge. Barnehagar fremmar språkleg utvikling, læring og brei sosial erfaring. Skulen gjev utdanning og kompetanse, som er eit godt utgangspunkt for livslang læring, medansvar, arbeid og deltaking i samfunnet. Gjennom opplæring i heimen, nærmiljøet, barnehagen og skulen utviklar barn og unge seg til trygge og samarbeidande menneske, som i vaksen alder vil kjenna medansvar for fellesskapet.

Tidleg innsats handlar om å gje alle barn og unge hjelp når behovet oppstår, at hjelpa er den rette og at ho vert opplevd heilskapleg når fleire hjelpeinstansar er nødvendige. Forsking støttar opp om betydinga av tidleg hjelp for å førebyggja helse- og sosiale vanskar. Jo tidlegare hjelp og støtte kjem inn når problem oppstår, jo betre er føresetnadene til å motverka skeivutvikling seinare. Forsking viser at barnehagar av god kvalitet reduserer forskjellane i skuleprestasjonar mellom barn frå ressursfattige og ressursrike miljø.

Foreldra og andre omsorgspersonar er den viktigaste ressursen for barn og unge. Arbeid med oppvekstmiljøet må også i stor grad involvera foreldra. Barn og unge som opplever manglande omsorg eller belastningar i heimen, er utsette. Førebyggjande tiltak vil ha størst effekt når dei vert retta mot heile familien. Tiltaka kan vera å styrkja foreldrekompetansen og eller redusera belastningar eller konfliktar i familien.

Fråfallet i dei vidaregåande skulane i Time har over tid vore rundt 30 %, noko som er for stort. Forsking viser at dei som særleg står i fare for å droppa ut av vidaregåande skule er gutter med åtferdsproblem og jenter med psykiske vanskar. Fullført vidaregående opplæring vert rekna som den plattforma all ungdom bør ha for å vera rusta til å møta arbeidslivet.

Skulehelsetenesta er eit lågterskeltilbod i barn og unge sitt oppvekstmiljø. Tilknytinga til skulen gjer at tenesta har ein heilt spesiell moglegheit til å vera til stades, tilby hjelp tidleg og driva førebyggjande arbeid.

Dei nasjonale rapportane for Ungdata viser at dei unge i dag har det betre enn før; dei har godt forhold til familien, har nære venner, trivst på skulen og ser relativt lyst på livet. Samtidig viser rapportane at det er ei auke i unge som svarer at dei opplever stress og slit i kvardagen; dei har sovnproblem, føler maktesløyse og har därleg sjølvbilde. Jenter er meir plaga og oppsøker oftare hjelp enn gutter. Konfliktfylte forhold i heimen og liten grad av sosial støtte aukar risikoen for slike lidingar. Fleire undersøkingar viser også ein klar samanheng mellom mobbing og därleg psykisk helse. Ungdata viser også ein klar samanheng mellom därleg råd i familien og risiko for rusmiddelbruk, kriminalitet, mobbing og vald.





Eldre

Kommunen har som målsetting at flest mogleg skal bu heime så lenge som råd. Tenestene skal ha eit førebyggjande og rehabiliterande persepektiv. Fallforebygging, kvardagsrehabilitering, ernæring og møteplassar er viktige førebyggjande tiltak.

Som følgje av at talet på eldre vil auka reknar ein med at det også vert fleire med demens. Det er viktig å arbeida for eit demensvennleg samfunn.

Det er behov for frivillig innsats som eit supplement for å gje gode omsorgstenester. Det må leggjast til rette for systematisk arbeid med rekruttering, organisering, opplæring, motivasjon og rettleiing.

Folkehelse

Folkehelsearbeid vert utført både av offentleg og frivillig sektor. Målet er å førebyggja sjukdommar og skader gjennom å leggja til rette for positive helseval og sunn livsstil.

Folkehelseprofilen for Time viser at folkehelsa er i endring. Gjennomsnittleg levealder er høgare og folk er jamt over friskare lenger enn før. Me ser likevel at livsstilssjukdomar, psykiske vanskar og rusproblem aukar i grupper av befolkninga. Forskjellane i folkehelse følgjer i stor grad dei sosiale forskjellane i samfunnet.

Tiltak som kjem alle innbyggjarar til gode, er god folkehelsepolitikk. For eksempel satsing på gang- og sykkelvegar, nær tilgang til tilrettelagde friområde, kulturtilbod og satsing på barnehagar, skular og arbeidsplassar som arena for helsefremjande arbeid.

Kommunane har saman med helseføretaka ansvar for førebygging, tidleg innsats og nødvendig helsehjelp. Time vil halda fram arbeidet med å utvikla gode og robuste helsetenester saman med jærkommunane, Helse Stavanger og frivillig sektor.

Slik vil me gjera det


- Ha barnehagar, skular og hjelpe- og støttetiltak med kapasitet og god kvalitet
- Prioritera tidleg innsats for barn og unge gjennom pedagogisk kompetanse i barnehage og skule, gode system og rutinar for å identifisera behov og tverrfagleg samarbeid
- Involvera familiene i alt førebyggjande arbeid retta mot barn og unge
- Planleggja og arbeida heilskapleg og koordinert på tvers av tenesteområde
- Ha kompetanse og tiltak for å ivareta barn og unge som står i fare for å utvikla helsekader og sosiale vanskar
- Arbeida systematisk for å sikra barn og unge god fysisk og psykisk helse
- Arbeida systematisk for å få flest mogleg eldre til å bu heime så lenge som råd
- Arbeida for å utjamna sosiale forskjellar og leggja til rette for deltaking i samfunnet
- Bruka tilgjengeleg statistikk og forsking som kunnskapsgrunnlag for prioriteringar og tiltak

«Sterke folk med friske glade born ikring
seg vil alltid ha noko å leva for»

Arne Garborg



5 Kultur og trivsel



Time i framtida:

Time er kjend for kunnskap, kultur og rekreasjon, der alle kan delta i aktivitetar som gjev nye impulsar og aukar livskvaliteten. Godt samspel mellom frivillige lag og organisasjonar, det offentlege og næringslivet gjev eit rikt og variert kulturliv i kommunen. Sjølv med stor auke i innbyggjartalet, klarer lokalsamfunnet å vidareføra ei lag- og dugnadsånd, som styrkjer fellesskapet og gjer samfunnet godt å leva i.

Kultur er viktig for å skapa trivsel, fellesskap og kjensle av å høyra til. Innbyggjarane i regionen er mobile, og dei søker opplevingar og kultur på tvers av kommunegrensene. Kulturtilbodet er i stadig større grad avgjerande for kor næringslivet ønskjer å etablera seg og kor folk ønskjer å bu. Det er viktig å ta vare på aktive og engasjerte innbyggjarar, som er med og utviklar nye aktivitetar og kulturytringar i lag med kulturlivet, idrettslivet, næringslivet og det offentlege.

Ein aktiv frivillig sektor lokalt betyr mykje, både for demokratiet, velferda og den generelle samfunnsutviklinga. Frivillige lag og organisasjonar er verdi- og kulturformidlarar, og dei skaper identitetskjensle og innbyr til fellesskap og sosial omgang mellom menneske i lokalmiljøet. Gjennom kontaktkonferansar, dialog og driftstilkot til frivillige lag og organisasjonar, vil kommunen stimulera og målretta den frivillige innsatsen. Framover vert det viktig å leggja til rette for at den veksande gruppa med eldre deltek og bidreg i frivillige lag og organisasjonar.

Biblioteket skal vera ein plass for kunnskap, formidling og oppleving. Biblioteket på Bryne viser at satsing på bibliotek fungerer som møteplass for alle samfunnslag. Gratisprinsippet er ein styrke for demokratiet. Samlokalisering med Garborgsenteret tilfører biblioteket utvida kompetanse og gjev nasjonalt fokus.

Dette stimulerer til utvikling og aukar nedslagsfeltet for bibliotekformidling mot eit større publikum. Nærleik til biblioteket er viktig for mange grupper, særleg for barn og unge, eldre og nye innbyggjarar. I tettstadene må ein vurdera korleis ein skal dekkja lokale behov for liknande møteplassar.

Det regionale kulturhuset Storstova på Jæren skal gjenspeglia eit kulturelt mangfold. Det er ei målsetting å etablera seperate lokal for kino og andre kulturrangement. Dette vil styrka det regionale kulturtilbodet på Bryne og gje rom for at fleire lokale aktørar får tilgang til lokale.

Kommunen satsar på eit breitt fritidstilbod for barn og unge i dei ulike tettstadene. På Bryne er det etablert eit kultursenter for ungdom. Time kulturskule tilbyr opplæring i kunstfag og drama, skapande skriving, dans og ballett og instrumental- og vokalopplæring. Kultursenteret og kulturskulen skal samarbeida om å leggja til rette for å gje ungdom meiningsfull fritid og utvikla talent.

Kyrkja, trussamfunn og kristne organisasjonar yt frivillig arbeid på mange område, og dei inviterer til fellesskap for mange innbyggjarar. Dei har ei viktig rolle i arbeidet med integrering, er beredskap i sorg og krise og gjev aktivitets-tilbod til barn og unge.





Idrettslag gjør enkeltmenneske som deltek i aktivitetar, konkurrsar og fellesskap både fysisk og mental utvikling og meistring. Fleire tettstader satsar på breiddeidrett og er slik med å leggja til rette for gode og trygge oppvekstvilkår. Det er ei målsetting å ha eit breitt idrettstilbod med anleggskapasitet tilpassa folketalet. Bryne fotballklubb er med å gjera kommunen kjent i heile landet.

Festivalar, kultur- og idrettsarrangement er viktige møteplassar som verkar samlande for kommunen og regionen. Dei er med på å styrkja Bryne sitt omdømme som «Byen på Jæren». For at slike arrangement skal vidareutviklast er kommunen ein sentral tilretteleggjar saman med eit variert organisasjons-, idretts- og musikkmiljø.

Det er viktig å medverka til at kulturnæringer får veksa fram og utvikla seg i kommunen og leggja til rette for at profesjonelle aktørar etablerer seg i Time.

Bevaring og formidling av kulturminne er viktig då det knyter fortid inn i nåtida og gjør samfunnet retning for framtida. Kulturarva har verdiar som er viktige å gje vidare til komande generasjonar. Barnehagar og skular gjør barna lokal historie, kulturopplevingar og knyter dei til lokalmiljøet. Time kommune har ei større samling av kunst og skulpturar. Samlinga er verdifull for både enkeltmenneske og samfunn.

Det jærske kulturlandskapet er unikt, og kommunen har rekreasjonsområde som er attraktive både for innbyggjarar og besökjande. Kommunen skal ha ei aktiv rolle saman med grunneigarar for å leggja til rette for at kulturlandskapet er tilgjengelege for tur- og fritidsaktivitetar for alle.

Slik vil me gjera det

- Halda fast ved tradisjonar og gje rom for kreativitet og nytenking på kulturområdet
- Stimulera og leggja til rette for frivillige
- Inspirera kulturnæringer, kulturprosjekt og kulturarrangement til vidare utvikling og nyetablering
- Utvikla biblioteket som ein viktig møteplass
- Utvikla kino og kulturhus som regionale institusjonar
- Ha tilstrekkeleg kapasitet på ulike anlegg til idrettsformål
- Formidla lokal historie og kultur til barn og unge
- Arbeida for at kulturminna skal vera tilgjengelege for alle
- Ta omsyn til tilgjengeleg kunnskap og nasjonale mål om kulturminne i planlegging
- Støtta og utvikla varierte kulturtilbod for barn, unge og eldre
- Utforma varierte møteplassar for samhandling og trivsel mellom generasjonane
- Utarbeida ein meir føreseileg og langsigktig politikk overfor lag og organisasjonar i kommunen

«Det lagar seg alt, berre ein ikkje kjem i ulag sjølv»

Arne Garborg



6 Bryne - byen vår

Time i framtida:

Bryne - byen på Jæren, har om lag 15 000 innbyggjarar i 2025. Regionsenteret Bryne er drivkraft for næring, læring og kultur. Byen har eit variert handels- og kulturtilbod som dannar ramma for liv og aktivitet både for unge og eldre. Bryne er eit skulesenter for vidaregåande utdanning med alle studieretningane av betydning for Jærgionen. Det mest sentrale byrommet er langs elveleiet der bygatene har utsyn, tilgang og kontakt med vatnet. Torget og Kaizersplass er samlingsplassar og myldrar av folk i alle aldrar. Byen er utforma slik at gåing og sykling er førstevalet. Talet på reisande med toget til og fra Bryne er dobla.

Visjonen for Bryne er: «Bryne – byen på Jæren. Regionsenteret Bryne er drivkraft for næring, læring og kultur». Dette gjer at byen må ha kvalitetar som møter regionen sine behov. Bryne skal vera god å opphalda seg i, bu i, besøkja og驱ra næring i.

Time er ein kommune med både bygd og by, der bygdene står fram med eigen identitet, samtidig som Bryne utviklar seg som by. Kvalitetar og moglegheiter i bygdene skal utfylla utviklingskrafta som ligg i vidare styrking og profilering av Bryne som sentrum.

Bryne er eit viktig knutepunkt på Jæren.

Reisetida til og frå Stavanger sentrum og Stavanger lufthamn er under 30 minuttar. Jærbansen bind byar og tettstader saman, noko som gjer at strekninga Stavanger–Eigersund vert ein felles bustad- og arbeidsmarknad. Togfrekvensen på Jærbansen mellom Bryne og Stavanger og busstilbodet og sykkelnettet inn mot Bryne stasjon, er avgjerande for å kunna vri reisemönsteret frå bil til bane. Doppeltspor på strekninga vil kunna korta ned reisetida endå meir.





Bykjernen skal vera prega av handel, tenesteyting, arbeidsplassar og aktivitet. Skal intensjonen om å ta ut Bryne sitt utviklingspotensiale visa igjen som synlege resultat til beste for eit heilskapleg sentrumsbilde, er alle avhengige av kvarandre sin suksess. Det å skapa aktivitet i byen er noko som kommunen, næringslivet og utbyggjarane må samarbeida om.

Kvalitetar i bykjernen skaper gode opplevingar for dei som oppheld seg i innbydande uterom og er viktige helsefremjande faktorar for dei som bur i byen. Byen skal innby til rekreasjon og oppleveling gjennom tilrettelagde aktivitetar, urbane uterom og møteplassar i sentrum og grønt- og turområde i og rundt sentrum. Parkområdet i sentrum med Torget, Mølledammen, Møllefossen og Fritz Røed skulpturpark og friområdet Sandtangen er unike kvalitetar i Bryne. Når byen veks må desse utviklast vidare samtidig som nye område for uteopphold av god kvalitet må etablerast.

Framtidig utvikling og bruk av stadion og skuleområda må ha som mål å styrkja nødvendige og sentrale byfunksjonar. På sikt skal Tangenområdet i Bryne sør aust planleggjast og utviklast til eit større idretts- og aktivitetsområde for byen og alle innbyggjarane i kommunen.

Slik vil me gjera det


- Halda fram med fortettinga i byen utan at det går ut over bukvaliteten for etablerte og nye innbyggjarar
- Arbeida med estetikk og formgjeving av kvartal, bygningar og byrom etter kvart som byen vert meir urban
- Etablera nye og utvikla eksisterande byrom, møteplassar, grøntområde og leikeplassar med rom for mangfald
- Bruka kulturminne og kulturmiljø som ressursar for utvikling og aktivitet i byen og langs dei sentrale turvegane ut frå sentrum
- Styrkja handel- og serviceaktiviteten i sentrum gjennom fysisk planlegging og tilrettelegging
- Arbeida for at ein stor del av persontransporten i byen kan skje med sykkel og til fots
- Arbeida for at Bryne stasjon har gode parkeringforhold for bilar og syklar, og Jærbanen har dobbeltspor mellom Bryne og Stavanger
- Leggja til rette for at ein aukande del av persontransporten mellom Bryne og andre byar og tettstader skjer med bane og buss
- Arbeida for at bilen vert mindre dominerande i bybildet
- Stimulera til aktivitet og sosial samhandling slik at me får eit levande sentrum

«*Ein skal ikkje syta før ein ser
noko å syta för*»

Arne Garborg



7 Kommuneorganisasjonen



Time i framtida:

Organisasjonen Time kommune har god kommunikasjon med innbyggjarane. Organisasjonen er moderne og endringsvillig og brukar dialogen med innbyggjarane for å utvikla tenestene med brukaren i sentrum. Kommunen har kompetente medarbeidarar med handlekraft til å omsetja planar, vedtak og målsettingar til praktisk handling. Nye og betre løysingar og organisering gjev meir effektiv bruk av offentlege ressursar.

Time kommune satsar på kompetente og tydelege leirarar og medarbeidarar som er opptatt av kvalitet og tenesteutvikling. Leveregelen «Me skal gjera kvarandre gode» set standard for samhandlingskulturen i organisasjonen. Leveregelen representerer både ei haldning til det me som medarbeidarar gjer og måten me gjer ting på. Leirarar og medarbeidarar skal vera endringsvillige og forplikta seg i forhold til å løysa komplekse og utfordrande oppgåver på tvers av tenesteområda.

Trygge og motiverte medarbeidarar møter innbyggjarane med respekt og er med på å skapa nye løysingar som vert tatt i bruk. Innovasjon, digitalisering og velferdsteknologi gjev organisasjonen nye måtar å organisera og utføra arbeidet på. Ved å gjennomføra brukarundersøkingar eller lytta til brukarane på andre måtar, kan tenester som ikkje har rett kvalitet eller møter behova, justerast.





Lokaldemokratiet er levande når innbyggjarane kan koma til orde og påverka eigen kvar dag og eiga framtid. Kommunen skal leggja særleg vekt på å finna gode metodar for involvering og deltaking i prosessar som er viktige for Time som lokalsamfunn.

Kommunen byggjer både kompetanse og omdømme ved å medverka i nasjonale og regionale forskingsprosjekt om utvikling av tenester, måtar å organisera arbeidet på og ved å skapa kompetente og attraktive læringsarenaer for elevar, lærlingar og høgskulestudentar.

Ei mogleg kommunesamanslåing vil innebera at velferdsoppgåver må løysast innanfor eit større geografisk område og at organisasjonen må endrast. Målet er betre tenester og meir effektiv bruk av offentlege ressursar. Kommunen har lang og god erfaring med interkommunale løysingar og samarbeid.



Slik vil me gjera det

- Omstilla og tilpassa kommuneorganisasjonen for å møta nye behov, krav og forventingar frå innbyggjarane og staten
- Arbeida for at alle ledd i organisasjonen skal vera serviceinnstilte
- Leggja aktivt til rette for medverknadsprosessar i planarbeid som formar lokalsamfunnet
- Ha rekruttering som gjenspeilar mangfaldet i lokalsamfunnet
- Halda på, rekruttera og utvikla kompetente medarbeidarar som:
 - har evne til å sjå og mot til å handla
 - ser og forstår heilskapen
 - er opne og direkte i all samhandling
 - både kommunen og næringslivet konkurrerer om
- Skapa ein kultur for innovasjon og fornying av tenestene
- Ta i bruk ny teknologi for å løysa oppgåver betre og meir effektivt
- Vera pådrivar for gode interkommunale løysingar der dei gjev betre tenester

«Det gode føredømet er sterkare enn ord»
Arne Garborg



8 Bakgrunnsmateriell

8.1 Vedtatte planar og utgreiingar – lokalt og regionalt

Time kommune	Rogaland fylkeskommune
Kommuneplan 2011-2022	Regionalplan for Jæren 2013-2040
Interkommunal kommunedelplan for Bybandet Sør	Regionalplan for folkehelse i Rogaland 2013-2017
Kommunedelplan for energi og klima 2011-2022	Fylkesdelplan for vindkraft i Rogaland – ytre del
Planstrategi for Time 2011-2015	Regionalplan for landbruk i Rogaland
Landbruksplan 2010-2021	Transportplan Jæren
Risiko- og sårbarhetsanalyse 2012	Handlingsplan for fylkesveger i Rogaland 2014-2017
Beredskapsplan for krisesituasjoner (revidert 2013)	Fylkesdelplan for universell utforming 2014-2017
Kommunedelplan for energi og klima 2011-2022	Regionalplan for et inkluderende samfunn 2010-2014
Kommunedelplan for Frøyland/Kverneland 2013-2040	Regionalplan for energi og klima i Rogaland
Hovudplan for vatn og avløp	Fylkesdelplan for byggeråstoffer på Jæren
Bustadbyggjeprogram 2012-2022	Regionalplan for museum 2011-2014
Trafikksikkerhetsplan 2012-2015	Regionalplan for bibliotek i Rogaland 2014-2017
Kulturminneplan 2008-2019	Regionalplan for næringsutvikling 2011-2020
Handlingsplan for betre lokaldemokrati	Fylkesdelplan for samferdsel i Rogaland 2008-2019
Internasjonal strategi for Time	Fylkesdelplan for jernbanen i Rogaland
Kommunikasjonsstrategi 2013-2015	Rammeplan 2012-2015 for avkjørsler på riks- og fylkesvegnettet i Region vest
IKT-strategi 2014-2017	
Arbeidsgjevarstrategi i Time kommune	
Innkjøpsstrategi for perioden 2014-2017	
Folkehelseprofil 2014-2016	
Strategiplan Omsorg 2013-2025	
Handlingsplan mot barnefattigdom 2013-2016	
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2015	
Plan for rehabilitering 2012-2015	
Skulebruksplan 2014-2021	
Rekrutteringsstrategi	
Strategisk næringsplan for Stavangerregionen 2013-2025	

8.2 Planarbeid som er i gang – lokalt og regionalt

Time kommune	Rogaland fylkeskommune
Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015–2026	Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning
Bustadsosial handlingsplan	Regionalplan for massehåndtering på Jæren
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	Regionalplan for kultur i Rogaland
Strategisk kompetanseplan	Vannforvaltningsplan for Rogaland
Strategisk næringsplan	
Strategiplan for Oppvekst	





8.3 Statlege føringer og rettleiingar

8.3.1 Rettleiingar og retningslinjer

Medverknad i planlegging	Statlige planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging
Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av juni 2011	Rikspolitiske bestemmelser om barn og planlegging
Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen - handlingsdelen	Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan- og bygningsloven 2011

8.3.2 NOU-ar og Stortingsmeldingar

NOU-ar	Stortingsmeldingar
2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet Rettlig vern mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Bedret tilgjengelighet for alle	Nr. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening
2010: 9 Et Norge utan miljøgifter Hvordan utslipp av miljøgifter som utgjør en trussel mot helse eller miljø kan stanses	Nr. 19 (2008-2009) Ei forvaltning av demokrati og fellesskap
2011: 7 Velferd og migrasjon	Nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreforma
2011:11 Innovasjon i omsorg	Nr. 16 (2010-2011) Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011–2015)
2011: 14 Bedre integrering	Nr. 18 (2010-2011) Læring og fellesskap Tidlig innsats og gode læringsmiljø for barn, unge og voksne med særlige behov
2011: 15 Rom for alle – en sosial boligpolitikk for fremtiden	Nr. 12 (2011-2012) Stat og kommune – styring og samspel
2011: 20 Ungdom, makt og medvirkning	Nr. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords
	Nr. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen
	Nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
	Nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtiltak



Time kommune

Postboks 38, 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • Faks 51 48 15 00 • E-post: post@time.kommune.no • www.time.kommune.no